



IDRETTSKLYNGE
VEST

Alle med! Inkluderande kroppssøving

Kroppssøvingfaget sitt formål er å stimulere barn og unge til å oppleve livslang røysleglede med omsyn til kvar enkelt sitt utgangspunkt. Men korleis legg ein til rette for at *alle* skal meistre og oppleve røysleglede? Velkommen til seminar om inkluderande kroppssøving!

23. mars 2023, kl. 12.00 - 15.45

Amalie Skram vidaregåande skule

Scan QR koda for å opne
påmeldingsskjema

Påmeldingsfrist 13. mars



GRATIS

PROGRAM

Del 1

11.30 Registrering, kaffi og frukt

12.00 Velkommen

- Håvard Ragnhildstveit, Møteplassleiar i kroppsøving, Idrettsklynge Vest Seksjon for kvalitet i opplæringa, Avdeling for opplæring og kompetanse, Vestland fylkeskommune

12.05 Læreplanverket og inkludering

- Ann-Helen Odberg, Førstelektor ved Institutt for idrett, kosthald og naturfag, Høgskulen på Vestlandet

12:25 Kroppsøving og helse: Energiteamet Barne- og Ungdomsklinikken, meistringsveker for barn og unge på sjukehuset

- Vegard Berge Sandven, Ergoterapeut, Energiteamet barne og ungdomsklinikken, Helse Bergen
- Lena Skåtun, Spesialsjukepleiar Energiteamet barne og ungdomsklinikken, Helse Bergen

12:45 Sofaprat: Ulike perspektiv på inkludering

- Lisa Styve, Representant frå Ungdomsrådet Helse Bergen
- Ida Nordvik, Representant frå Ungdomsrådet Helse Bergen
- Vegard Berge Sandven, Ergoterapeut, Energiteamet barne og ungdomsklinikken, Helse Bergen

13.00 Pause

13.15 Åleine på styrkerommet, eller ein del av felleskapet? Kva seier barn og unge om deltaking i kroppsøvingsfaget

- Ane Aamodt, Kampanjeleiar i Redd Barna

13:45 Pause: kafeprat med enkel servering



PROGRAM

Del 2

14.15 - 15.45 PARALLELLESJONAR

Kvar deltakar melder seg til ein sesjon. Hugs passende klede til aktiviteten.

Kroppsøving for barn med kronisk eller langvarig sjukdom (teori)

- Lena Skåtun, Spesialsykepleiar Enegiteamet BUK, Helse Bergen

Gøy i vatn med god teknikk (basseng)

- Gjertrud Leversen, Kroppsøvings- og idrettslærer, Amalie Skram vgs.
- Øivind Lien, Kroppsøvings- og idrettslærer, U. Phil vgs.

Korleis kan ein som kroppsøvlingslærer skape eit positivt og trygt læringsmiljø saman med elevane? (gymsal)

- Henrik Nyland, kroppsøvlings- og idrettslærer, Åsane vgs.

Alternative samspelsaktivitetar (gymsal)

- Jan Morten Pettersen Rønne, kroppsøvlingslærer, Slåtthaug vgs.

Samarbeid som didaktisk grep i ungdomsskulen (gymsal)

- Harald Kvåle Bakke, kroppsøvlingslærer, Lynghaug skule
- Mats Hess Røtne, kroppsøvlingslærer, Lynghaug skule




Bidragstalarar

Ann-Helen Odberg



Ann-Helen arbeidar i dag som førstelektor i idrettsvitskap og kroppsøving ved Høgskulen på Vestlandet. Ho underviser i grunnskulelærerutdanninga og er profesjonsrettleiar. Ho er også prosjektleiar for nettsida svømmedyktig.no, som er ei vidareføring av arbeidet med regjeringa si symjepakke frå tida ho arbeidde som seniorrådgjevar ved Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet. Ann-Helen har mange års erfaring frå UH- og skulesektoren og underviser i kroppsøving og idrettsfag både på Island og i Norge. Ho har også mange års erfaring som trenar for barn og unge.

Vegard Berge Sandven og Lena Skåtun



Vegard er utanna ergoterapeut og har ein bachelor i idrett og kroppsøving. Lena er utdanna sjukepleiar og kroppsøvningslærer. Begge arbeider no i Helse Bergen med utprøvinga av meistringsveker for barn og unge med langvarig eller kronisk somatisk sjukdom. Dei skal fortelja om korleis dei arbeidar med eit breitt spekter av tilretteleggingsbehov i aktivitet.

Ungdomsrådet Helse Bergen



Ein ungdom er ikkje eit barn, og heller ikkje ein vaksen. Å vere ungdomspasient kan difor by på utfordringar som born ikkje møter på, og på utfordringar vaksne ikkje tenkjer over. Ungdomsrådet ønsker å bidra til at ungdom si stemme skal bli høyrtd i saker som gjeld ungdom i spesialisthelsetenesta og dela av erafringer der det er til nytte for andre ungdommar. Vi delar vår eiga erfaring fra helsetenesta og om korleis det er å vere ung og sjuk.

Ane Aamodt



Ane Aamodt er kampanjeleiar i Redd Barna. Redd Barna har jobba lenge med inkludering på fritidsarenaen for barn og unge med nedsett funksjonsevne. Kva barrierar møter barn på når dei skal delta? Barn med funksjonsnedsetjingar møter både praktiske utfordringar, men dei møter også fordommane og manglande kunnskap frå vaksne. Det siste prosjektet Redd Barna har jobba med ser særleg på deltaking i kroppsøvingfaget, på aktivitetsdagar og utflukter i regi av skulen. Her har dei snakka med barn og unge, foreldre, lærarar og skuleleiing om kva som fungerer og kva som ikkje fungerer og ikkje minst – kva bør gjerast.



Gjertrud Leversen og Øivind Lien

Gjertrud er kroppsøvlingslærer, hovedtrener i Åstveit svømmeklubb og prisvinnande idrettsutøvar i symjing, nasjonalt og internasjonalt. Øivind har idrettsfag ved U. Phil vidaregåande skule og er idrettsutøvar innan symjing og vannpolo. Saman har dei brei erfaring med å undervise alt frå skuleelevar til eliteutøvarar i symjing.



Henrik Nyland

Henrik underviser i idrettsfag ved Åsane vgs., og har bakgrunn frå fotball og er framleis aktiv i sporten. Som lærar vert han motivert av å utvikle elevane både fagleg og som menneske gjennom relasjonsbygging og av å skape eit positivt og trygt læringsmiljø saman med elevane.



Jan Morten Pettersen Rønne

Jan Morten Rønne er kroppsøvlingslærer ved Slåtthaug vidaregåande skule og har ein bachelorgrad i idrett/helse og friluftsliv frå UIA. Han har brei idrettserfaring og har jobba fleire år som personleg trener før han blei lærar.



Harald Kvåle Bakke og Mats Hess Røtne

Harald og Mats har over 10 års erfaring som kroppsøvlingslærarar i ungdomskulen. I deira undervisning har dei blitt inspirert av tv-programmet "mesternes mester", der elevane blir utfordra i grupper og må løyse oppgåver gjennom samarbeid.

